

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Orienteringar

Ingvar Skeie, spesialrådgjevar økonomi- og organisasjonsavdelinga, orienterte om budsjettprosessen for 2020.

Marianne Ose Askvik, spesialrådgjevar kultur og idrettsavdelinga, orienterte om Den kulturelle spaserstokken.

Målfrid Vik Sønstabø, direktør Skyss, og Kari Steinsland, kst. leiar salg og marknad Skyss, orienterte om aldersvennleg transport.

Gunda Falao Sparre informerte om innlegget som ho etter invitasjon haldt om fylkeseldrerådet for Kontaktutvalget mellom innvandrere og styresmakter (KIS) 30.08.19.

Inger Sjong refererte kort frå dialogmøte mellom fylkesmannen og Bergen kommune, der ho og Odd Himle deltok.

Øvrig

I samband med handsaminga av PS 66/19 råda det semje om følgjande endringar i årsmeldinga: Samandrag vil kome til; avsnittet om politiske representantar vert endra; medlemslista vert oppdatert; sekretariatet ordner fotograf til neste møte; nytt forslag til framsidebilete vert handsama på e-post.

I samband med PS 71/19 las leiar opp brev frå Pensjonistforbundet, innkome kort tid før møtet. I brevet etterlyser forbundet informasjon om fylkeseldrerådet og Leve hele livet.

I samband med PS 72/19 las leiar opp brev frå Helse Vest, innkome kort tid før møtet. Dette brevet er svar på fylkeseldrerådet sin uttale, ref. PS 48/19 behandla i møte i fylkeseldrerådet 19.06.19.